



Kommunane i Vestland

Innsending av rekneskap for 2020

Som tidlegare år minner vi om at kommunane skal sende årsoppgjeret for 2020 til Statsforvaltaren innan 1 måned etter at kommunestyret/bystyret har gjort sitt vedtak.

I kommunelova § 14-3 står det at årsrekneskap og årsmelding skal vedtakast seinast seks månader etter at rekneskapsåret er slutt, det vil seie innan 30. juni. Vi må derfor få tilsendt dokumenta seinast innan 1. august.

Vi ber om at dokumenta vert sendt elektronisk til sfvlpost@statsforvalteren.no

Spørsmål om sjølve innsendinga kan rettast til tlf. 57 64 30 19.

Følgjande dokument skal vere med:

- Årsrekneskap for kommunen i samsvar med kommunelova § 14-6, første ledd
- Årsmelding/årsberetning i samsvar med kommunelova § 14 -7, første ledd
- Revisjonsmelding
- Fråsegn frå kontrollutvalget
- Sakstilfang for formannskapet og kommunestyret/bystyret med innstilling og vedtak

Med helsing

Nils Erling Yndesdal
kommunaldirektør

Anne Kristin Kayser Eitungjerde
seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent